

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Haram kontrollutval  
**Møtestad:** Haram tenestehus, Brattvågen, møterom 01 - 010  
**Dato:** 22.11.2023  
**Tidspunkt:** kl. 16:00 - 17:50

---

### Følgjande medlemmer møtte

Anne Lena Rishaug  
Erlend Gaustad  
Hege Kristin Natland  
Trond Seth  
Åge Reidar Vikestrand

### Møtenotat

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA (samvirkeforetak) deltok dagleg leiar Martin Gjendem Mortensen.

Frå kontrollutvalsekretariatet deltok Bjørn Tømmerdal.

Etter saklista var ferdig handsama, inviterte leiar Trond Seth til ein diskusjon kring valbarheit i andre kommunale utval. Tema var om det var mogleg å sitte i andre utval og samtidig være valt inn i kontrollutvalet. Sekretariatet gav ei kort orientering kring dette spørsmålet.

Trond Seth  
Leiar

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/23 Arbeid i kontrollutvalet
- PS 03/23 Engasjementbrev frå revisor 2023 - 2027
- PS 04/23 Bestilling av prosjektplan for risiko- og vesentlegvurdering
- PS 05/23 Møteplan 2024

## **PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Haram kontrollutval 22.11.2023**

### **HKU 01/23 Vedtak:**

Haram kontrollutval godkjenne innkalling og sakliste slik den ligg føre.

### **Behandling**

Samrøystes votering.

## **PS 02/23 Arbeid i kontrollutvalet**

**Haram kontrollutval 22.11.2023**

### **HKU 02/23 Vedtak:**

Haram kontrollutval tek saka om arbeide i kontrollutvalet til vitande.

### **Behandling**

Samrøystes votering.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Haram kontrollutval tek saka om arbeide i kontrollutvalet til vitande.

## **PS 03/23 Engasjementbrev frå revisor 2023 - 2027**

**Haram kontrollutval 22.11.2023**

### **HKU 03/23 Vedtak:**

Haram kontrollutval er gjort kjent med engasjementbrevet frå Møre og Romsdal Revisjon SA, datert 20. oktober 2023, og vel å ta det til vitande.

### **Behandling**

Samrøystes votering.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Haram kontrollutval er gjort kjent med engasjementbrevet frå Møre og Romsdal Revisjon SA, datert 20. oktober 2023, og vel å ta det til vitande.

## **PS 04/23 Bestilling av prosjektplan for risiko- og vesentlegvurdering**

**Haram kontrollutval 22.11.2023**

### **HKU 04/23 Vedtak:**

Haram kontrollutval bestillar ein prosjektplan for risiko- og vesentlegvurdering analyse frå Møre og Romsdal Revisjon SA i tråd med framlagde sak.

### **Behandling**

Samrøystes votering.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Haram kontrollutval bestillar ein prosjektplan for risiko- og vesentlegvurdering analyse frå Møre og Romsdal Revisjon SA i tråd med framlagde sak.

## **PS 05/23 Møteplan 2024**

**Haram kontrollutval 22.11.2023**

### **HKU 05/23 Vedtak:**

1. Første møte i Haram kontrollutval i 2024 vert torsdag 15. februar 2024, kl. 14.00
2. Saka om møteplan for 2024 blir å ta opp att på fyrste møte i 2024 for å samordna datoane med kommunen og sekretariatet sine øvrege møteplanar.

### **Behandling**

Alternativt punkt 1, foreslått av Trond Seth:

Første møte i Haram kontrollutval i 2024 vert torsdag 15. februar 2024, kl. 14.00

Samrøystes votering på alternative punkt 1 og punkt 2.

### **Sekretariatet si tilråding:**

1. Første møte i Haram kontrollutval i 2024 vert måndag 15. februar 2024, kl. 15.00.
2. Saka om møteplan for 2024 blir å ta opp att på fyrste møte i 2024 for å samordna datoane med kommunen og sekretariatet sine øvrege møteplanar.